

Referat frå årsmøte i Judaberg Båtforening 25.mars 2019.

12 medlemmer møtte.

1. Opning av v/ styreleiar Thor Egil Espeland.

Så før ein starta på ordinært årsmøte, var der to representantar for Kongelig Norsk Båtforbund som orienterte om fordeler med medlemskap i KNBF. Dei meinte blant anna at ein ved medlemskap kunne oppnå gode rabattar ved kjøp av utstyr og hjelp til å få tilbakebetalt deler av moms. Ein kunne også få gunstige forsikringar og juridisk hjelp viss det skulle vera aktuelt.

2. Val av møteleiar: Thor Egil Espeland.

3. Val av referent: Rasmus Mjølunes.

4. Val av to til å skriva under møteboka: Reimund Flesjø og Ivar Vargervik.

5. Innkalling og sakliste blei godkjent.

6. Dei andre grunneigarane i Fåholmen ville ha nye forhandlingar om indeksreguleringa for leige av grunnen. Det var der fleire medlemmer som meinte at der var gjort tydeleg avtale om frå før, og styret blei difor oppfordra til å sjekka ut dette.

Styret hadde blitt enige om å droppa innkjøp av overvåkingsutstyr i denne omgang.

Ein ville setja opp skilt med "Bading forbudt".

Ein konstaterte at det vil føra til bortfall av inntekter for båtforeninga når Håvard Flesjø no flyttar vekk med aktiviteten sin.

7. Rekneskapen synte eit overskot på ca. kr 300000 og blei godkjent.

8. Innskot for båt plass blir nå kr 8500,- pr meter. Medlemsavgift og pris for leige av båt plass blir uendra. Det same gjeld eingongsinnskot for båt plass.

9. Styret fekk fullmakt til å forhandla med Coop Finnøy om plassane i Judaberg sentrum. Før ein gjer endeleg avtale, må avtalen handsamast i årsmøte, evt. at der blir kalla inn til ekstraordinært årsmøte.

10. Frå 1.jan 2020 blir vi del av Stavanger kommune, og styret fekk difor i oppdrag å undersøkjka om det er mogeleg å halda på dagens vedtekter som seier at det berre er personar med adresse i n verande Finn y kommune som kan f  tildelt b tplass.

11. Val

Thor Egil Espeland blei attvald som leiar.

Nytt styremedlem blei Gunnar Bokn.

Thomas Nesheim blei attvald som 1.varamedlem til styret.

Astrid Trondsen blei attvald som 2. varamedlem til styret.

Reimund Flesjø og Magne Kongsvik blei attvalde som revisorar.

Det blei ikkje gjort endringar i valnemnda.

12. Der kom ikkje opp saker under ymse.

Rasmus Mjølsnes

Reimund Flesjø

Ivar Vargervik
